

Årsplan for Modalen barnehage



Vedtatt i samarbeidsutvalet
19.10.22

Modalen barnehage


Barnehagen er ein kommunal barnehage. Drifta er styrt av Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagen og dei kommunale vedtektene for barnehagen. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Det går fram av barnehagelova § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettene.

BARNEHAGENS RAMMEVILKÅR

Nasjonale styringsdokument: Lov om barnehagar med forskrifter, Rammeplan for barnehagar, Stortingsmeldingar og NOU rapporter

Lokale styringsdokument: Kommunestyre, Økonomiske styringsdokument, vedtekter og reglement, årsplan, opplysningshefte.

Styringsinstansar i barnehagen: Foreldrerådet som består av alle foreldre i barnehagen. Samarbeidsutvalet som består av representantar frå foreldre, eigar og tilsette i barnehagen.



Tieiplikt/politiattest Alle i personalet har tieiplikt overfor arbeidet i barnehagen. Dette kan gjelde opplysningar kring barn og vaksne. Ny tilsett må leggje fram politiattest

VISJON:



Historikk

Barnehagen blei starta etter initiativ frå Husmorlaget i Modalen i 1979. Barnehagen hadde eit korttidsstilbod, to dagar i veka. Barnehagen haldt til på Mo skule i klasse rom med 1.-3. klasse.

I januar 1983 blei eigarforholdet endra, og frå denne månaden var det Modalen kommune som sto som eigar. Etter kvart viste det seg at lokalet ved skulen var for trangt. For å kunne tilby alle borna plass måtte ein flytta barnehagen. 1.august 1983 vart Modalen barnehage flytta opp i gamleskulen på Hugnastad.

Frå hausten 1987 vart opningstida utvida og Modalen barnehage fekk status som heiltidsbarnehage, med høve til korttidsopphald for dei som ynskja det. 12. november 2007 starta Modalen barnehage opp i nytt bygg på Helland. Bygget har tre avdelingar.

Avdelingane har namn etter lokale stadnamn, Oddane, Storfjellet og Stølen.

I dag har barnehagen utvida opningstidene sine, frå kl. 07.00 til 16.30.

- Borna har ei maks opphaldstid på 9 timar per dag.
- Planleggingsdagane er barnehagen stengt
- Onsdag før skjærtorsdag stenger me kl. 12.00

HOVUDMÅL:

”Me vil arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg”.

I årsplanen vil det gå fram korleis me i barnehagen vil jobba for å nå måla våre.

Denne hovudmålsetjinga blir lagt til grunn for det pedagogiske arbeidet som blir gjennomført i Modalen barnehage.



Telefon nummer i barnehagen

Hovudnummer: 56599060

Mobil: 95048031

E-postadressa til barnehagen:

grete.urdal@modalen.kommune.no

Barn og barndom

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv (Rammeplanen 2017).

Korleis arbeider me med dette:

- faste leikegrupper der me mellom anna lærer borna strategiar for å komme inn i leik, og på denne måten førebu dei til aktiv deltaking i samfunnet.
- noterer utvikling, enkelt episodar og områder som må jobbast vidare med i MI-permen som me nyttar i foreldresamtalar.
- I samarbeid med foreldra legg me ein plan for vegen vidare for å sikre ein god barndom der borna skal bli sett som eige individ.
- introduserer borna for barnekultur gjennom songar og leikar. Dei får kvar dag kjenne samhald gjennom samlingsstund der alle borna på avdelinga vert nemnt og sett.



Demokrati

Meir mangfald og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. (Rammeplanen 2017).

Korleis arbeider me med dette:

- Me vaksne sikrar at alle vert høyrte, ytringar og kroppsspråk frå borna vert ein del av planlegginga av aktivitetar og val av leikemateriell.
- Ein legg til rette for at alle borna får leike på ein måte som dei meistrar og har glede av.
- Avdelingane er innreia i ulike leikesone, slik at barna kan velje ut frå sine interesser.
- Samlingsstund for å skape fellesskap, der enkeltindividene vert sett.
- Me vaksne sikrar at kvart enkelt born sine handlingar og ytringar gjeles betydningsfulle ved at me legg til rette for å gje barna kunnskap, evna til å tenka kritisk, og viljen til å stilla spørsmål til alle tider i kvardagssamtalar, samling, grupper osv.
- Me snakkar saman med borna om ulikskap. Me fremjar dette i heile gruppa og legg til grunn for forståing av at me har ulike behov, men at me tross ulikheit klarar å leike saman og respektere kvarandre sine behov.
- Me har felles leikar, songleikar og felles arrangement der me inkluderer alle og legg til rette for gode opplevingar saman.

Mangfald og gjensidig respekt:

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. ((Rammeplanen 2017).

Korleis arbeider me med dette:

- For å oppnå mangfald og gjensidig respekt nyttar me ros, og positive tilbakemeldingar for å gje borna gode opplevingar med kvarandre, og for å styrkje sjølvkjensla. Borna får på denne måten gode kjensler for seg sjølv og andre.
- Me nyttar ulike pedagogiske opplegget som t.d. «Grøne tankar, glade barn» der me øver på forskjellige kjensler, me set ord på kjenslene, sinnemestring og øver på empati.
- Me legg til rette for dialog saman med borna der me aukar vokabularet deira ved å hjelpe dei med å setje ord på tankar og kjensler.
- Me har t.d. språkleik, lesebesøk frå skulen, turdag og sommaravslutning der me legg til rette for at borna skal oppleve glede og meistring i kulturelle og sosiale samanhengar.



Likestilling og likeverd:

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. (Rammeplanen)

Korleis arbeider me med dette:

- For å oppnå likestilling og likeverd, gjev me borna moglegheit til å utforske same type leik, og alle får vaksenstøtte uavhengig av kjønn. Me har fokus på individet. Det og skape gode relasjonar er dei vaksne sitt ansvar.
- Me har kvar dag fokus på godheit, der me oppmodar borna til å hjelpe andre, seie fine ord og vise nestekjærleik mot kvarandre. Me jobbar i tråd med Dei utrulege åra (DUÅ) der me har fokus på ros og oppmuntring, vere proaktive og anerkjenne ulikskap der me vaksne går føre som gode rollemodellar.
- Me oppmodar borna til å leike med ulike leikemateriell, me set saman leikegrupper på tvers av kjønn. Alle borna, uavhengig av kjønn får tilbod om same aktivitet.

Berekraftig utvikling:

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplanen)

- For å lære borna kva berekraftig utvikling vil seie, får borna tidleg kjenne på at naturen byr på både spenning, opplevingar og smakar. Me er mykje ute og nyttar mest naturområda rundt barnehagen.
- Barna lærer å sortere avfall på riktig måte. Inne på kvar avdeling skil ein på kvar ein hiv papir og restavfall. På turdagane har me fokus på å ta med oss avfallet for å ta vare på naturen. Me plukkar gjerne med oss avfall som me finner. Me ar gjort eksperiment med avfall der me grev ned og opp boss , for å vise kva som er nedbrytbart i naturen og ikkje.
- Plasseringa til barnehagen ligg slik at me får eit nært og godt forhold til naturen. Me nyttar klatrejungelen, ferdavegen og Hellandsdalen til å undre oss saman med borna, og slik får borna gode opplevingar i naturen både i planlagt og spontane turar.

Livsmeistring og helse:

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. (Rammeplanen 2017)

- For å auke kunnskapen kring tema livsmeistring og helse har me faste rutinar med handvask, toalett-trening og stell.
- Borna får tidleg trening på sjølvstendighet kring matinntak ved å øve på å ete med skei, smørje på skiva og å drikke sjølv.
- Gjennom dagen får borna oppleve å vere i grupper på ulike storleik. T.d. Språkgruppe, leikegruppe, språkleik, samling og måltid.
- Alle dei vaksne legg vekt på å helse borna velkommen om morgonen og passar på at alle blir sett. Me ser alle borna i samling, ein vaksen sitt alltid med borna rundt lunsj bordet og oppmoda til samtale rundt måltidet.
- Me nyttar det pedagogiske opplegget « Grøne tankar, glade barn» for å førebyggje mobbing/krenking der me har fokus på kjensler og empati.
- Me nyttar ulike tøyøvingar, massasje og rolege aktivitetar som t.d. teikning, spel, litteratur etter lunsj for å sikre at borna får ro og kvile i løpet av dagen.



Ansvar og roller:

- Styrar, er pedagogisk og administrativ leiar av verksemda og representerer eigar.
- Pedagogisk leiar, har ansvar for å planleggja og leia arbeidet på avdelinga, styrar er næraste overordna.
- Barne og ungdomsarbeider/fagarbeider/assistent og andre, har under rettleiing av pedagogisk leiar medansvar for tilsyn, omsorg og pedagogisk målretta arbeid.
- Kjøkkenmedarbeidar, barnehagen har personal på kjøkkenet 5 timer 2 dager i veka. Dei hjelp til med førebuing, servering av måltid, handling og reinhald på kjøkkenet.

Rollemodellar:

Vi vaksne skal vere gode rollemodellar for borna. Born kopierer åtferd som nære vaksne gjer. Dette kan gå på språk, korleis vi er saman med andre, korleis vi sit ved bordet osv. Den åtferda vi vil ha meir av, må vi gje mykje merksemd. Vi brukar mykje ros gjennom ord, men og ved hjelp av non-verbale signal. Vi viser omsorg, vi deler gleder og sorger, vi ler og brukar humor.



Me vaksne må:

- møte alle med anerkjenning og respekt
- være tilgjengelige
- gje omsorg
- vise ekte engasjement,
- gripe fatt i barna sine interesser og idear
- vise at vi ser og forstår den enkelte
- legge til rette for omsorgsfulle relasjonar
- dekke fysiske behov
- vise respekt for barna sin personlegdom og for individuelle skilnader
- imøtekomma barna sine behov for meistring og læring
- la borna skal få utvikle eit godt sjølvbilete og god sjølvkjensle,
- Borna skal oppleve at dei er verdifulle menneske.
- Borna skal vere trygge og trivast , og få høve til å utvikle empati og nestekjærleik.

Omsorg og tryggleik

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. (Rammepleanen 2017)

- Me ivaretek barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og hvile.
- Dele opp i små grupper, og får slik sjå enkeltbarnet og deira behov betre.
- Me har fokus på ro og kvile etter lunsj.
- Me har fokus på å sjå barnet når dei kjem om morgonen og ta farvel ved henting. Me gjev nærleik og fysisk kontakt i samvær med borna, det vere seg trøyst, felles glede over opplevingar, kos, kvile mm.
- Me legg til rette for at barna kan knytte seg til personalet og til kvarandre ved å dele i små grupper, gje barna tid til å bli kjent i tilvenningsfasen, frileik med aktive vaksne, tilrettelagt leik, leikegrupper og språkgrupper.
- Fokus på relasjonsbygging der den vaksne har hovudansvar for å knyte gode relasjonar. DUÅ og MI i forhold til relasjonsbygging.
- Tilvenningskontakt i startfasen av barnehagelivet.
- Fysisk innredning ved å leggje til rette for gode leikekonstellasjonar, ser til at alle intelligensar er dekkja i leikemiljø, kvilestunda, påkledning og samtaler rundt måltider.



- Den vaksne er aktiv i leiken, deltek på borna sine premisser og slik ser til at alle kjenner trygghet saman.
- Ta grep og er nær, gjev tid, skapar gode opplevsalar saman om nokon kan verke utrygge. Fokus på godheit, grønne tankar, vennskap, antimobbing der me lærer borna sosiale strategiar som til dømes kome inn i leik, handtere konflikhtar, opptre mot kvarandre, hjelpe kvarandre.
- Vaksne er gode rollemodellar verbalt og fysisk.
- Tolkar kroppsspråk, hjelper borna å setje ord på kjensler. Me tolka kroppsspråket til kvart enkelt barn, har fokus på relasjonsbygging for å verta godt kjent med barnet.
- Faste plassar til kvart born, bumerke som går igjen på plass, i samling og anna.
- Rom for at borna får uttrykkje seg, at alle blir sett. Være merksame for borna sine uttrykk og møte deira behov for omsorg med følsomhet.
- Fokus på barns medverknad i t.d. temavalg, velgjegrunder, i samtalar, setje ord på og anerkjenne kjenslene deira t.d. når ein trøystar, i leik, ved måltid, garderobe, i samtale. Bli kjent med kvart enkelt barn og handle deretter.
- Ros og proaktivt arbeid for å byggje sjølvtilitt hjå kvar enkelt, til dømes å skryte for utført handling, innsats, vilje til å prøve, meistring. Fokus på prosess heller enn resultat skaper og sjølvtilitt. Bruk av coaching i kvardagen for å setje ord på kjensler og handlingar, til dømes «no ser eg at du vart sint, men du klarte å styre sinnet ditt og dele med Jens» «No ser eg at etter å ha øvd lenge klarte du til slutt å fingerhekle, du var jammen tålmodig» Dette gjer me for å byggje tillit og sjølvtilitt.



Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen (Rammeplanen 2017).

- Me arbeider for å lære barna å lukkast i *samspel med andre*.
- Me tilrettelegg for meningsfulle opplevingar og støttar barnas identitetsutvikling og positive sjølvoppfatning. Me vel tema utifrå observasjon av borna og deira interesser, og medverknad.
- Respektere at me er ulike og slik har ulike interesser og meiningar.
- Me støttar borna ved at me brukar mykje ros og oppmodar til å delta, ha fokus på borna sine kvalitetar, velja aktivitetar som alle har moglegheit til å delta på som til dømes «Kven er under teppet», «Passopp passopp» mm. Her er og coaching nyttig. Vaksne viser at dei kan feile, at det viktigaste er å delta ikkje prestere.
- Me jobbar med å synleggjere og verdsette ulike behov spesielt i samling der alle får høve til å uttrykkje seg, i veljegrupper der alle skal velje utifrå kva dei vil. Dette kjem og fram i garderoben, under måltid der ulikskap kjem fram ved til dømes smak og behag.
- Me legg merke til, anerkjenne og følge opp barnas perspektiver, handlinga og utfordre barnas tenkning og invitere dem inn i utforskende samtaler
- Me legg merke til borna ved at me observerer borna, gjerne skrive i MI- permen og har fokus på å byggje relasjonar til kvart enkeltborn.
- Me har intervju med dei eldste borna før foreldresamtaler



Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre (Rammeplanen 2017).

Slik arbeidar me med leik:

- Me organiserer rom, tid og lekemateriale for å inspirere til ulike typar leik.
- I det pedagogiske arbeidet presenterer me nye regelleikar og songleikar for at borna skal ha eit repertoar av ulike leikar som gjev dei felles erfaringar.
- Me har fokus samspel, godheit, leikestrategiar, gode holdningar i forhold til korleis me skal vere overfor kvarandre ved sjå kvarandre i samling, invitere med i leik, me sakkar positivt om kvarandre, og me legg til rette for at alle skal få uttrykkje seg.
- Me inviterer oss sjølve inn i leiken til borna, me tek ei rolle som ikkje er altfor dominerande.
- Me er støttande stillas når me observerer at borna treng oss, grip inn og rettleier ved behov. Organiserer leikegrupper
- Vaksne analyserer leiken til borna, diskuterer med kvarandre kva me ser, for å eventuelt rettleie.
- Coaching er ein metode for å rettleie borna i leiken ein set ord på det som barnet gjer bra. Me rettleier barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster og er bevisst på og vurderer eigen rolle og deltaking i barnas leik.
- Dei vaksne kan nytta rollespel i samling for å rettleia barna. Me laga endringsplan om problemet vert for stort eller ikkje betrar seg.
- Ugla har ansvar for å telje borna og sjekke at det er vaksne der borna er. Slik ryddar me tid og høve til andre vaksne kan vere meir aktive i leiken saman med borna.



Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. I barnehagar for samiske barn i samiske distrikt skal barnehagen fremje den samiskspråklege kompetansen til barna. (Rammeplanen 2017)

Slik jobbar me for å fremje kommunikasjon og språk

- I barnehagen anerkjenner og responderer me på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støttar språkutviklinga deira.
- For å sikre borna god kvalitet i språktreninga, har me språkleik og språk/leikegrupper.
- Me arbeidar godt forankra i «Dei utrulege åra», noko som fører til ein respektfull og positiv kommunikasjon med kvarandre og barna.
- Me nyttar norsk med teiknstøtte, og for å styrke barna sitt høve til å uttrykkje seg.
- Barnehagen syter for at alle born får varierte og positive erfaringar med å nytte språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar.
- Me nyttar hjelpemiddel som Snakkepakken, Språkleik. Dramatisering av enkle eventyr.
- Legg vekt på å snakke med borna og ikkje til.
- Materieell me nyttar både i mindre grupper og i samling: Steg for steg, sang-kort, pusslespel, dyre og billed- lotto, rim og regler.
- Me lyttar til lyd bok, lyttar til høgtlesing, deltek i å dikta historiar, fabulerar, vitsar og gåter, eventyr i høve alder.
- Innføring i tal og bokstavar, øve på blyantgrep ,øve på å klappe stavingar.
- Jobbe med Trampolinematerieell og Skrivedans.
- Utvidar songreportouar, oppfordrar til song og danse til musikk, songleik, gjenkjenna songar, øve på eldre tradisjonssong.

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.

- Me er med på «Vennsapsveke», antimobbing.
- Me har særskild merksemd på vennskap i oppstarten av året.
- Me jobbar systematisk med vurdering av den sosiale samhandlinga til borna, justerar/set inn tiltak etter behov.
- Fokus på barns medbestemming utøve demokrati
- Evne til å vente på tur, og å ta imot/utføre beskjedar.
- Auke empati og utvide vennekrets ved å ha
- Felles avdeling morgon og ettermiddag .




Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring. (Rammeplanen 2017)

Slik jobbar me for å fremja læring:

- Me sørgjer for eit inkluderande fellesskap ved at me har samling, deler oss i grupper, fellessamling i form av språkleik, nytte smartboard til felleopplevingar som dans, eventyr og song.
- Me har felles utetid der me oppmodar dei største borna til å hjelpe dei yngre, mykje leik på tvers av alder.
- Me har tema og leikegrupper der me legg vekt på felles oppleving, der alle får bidra med å ta imot og å dele lærdom.
- Me jobbar med heilhetlige læringsprosessar tilrettelagt for dialog med borna der det er like viktig å lytte som å snakke, her grip me stunda i situasjonar der me er nær borna til dømes stelle, toalett, påkledning, måltid, grupper, samling og i leik.
- Me set ord på erfaringar saman med borna, reflekterer og filosoferer saman med borna.
- Me har pedagogiske opplegg utifrå progresjonsplan slik sikrar me allsidig utvikling.
- Me jobbar med med å vere merksame og legg til rette for læring i ulike situasjonar ved at me tar barns medverknad på alvor.
- Me vel tema utifrå borna sine innspel, interesser og observasjon av barnegruppa.
- Me skapar ein inspirerende leike og læringsarena på avdelinga utifrå borna sine interesser, t.d. legorom, dokkekrok, temarom sjukehus, kafe, verdensrom, brannstasjon mm.
- Me nyttar internett og litteratur for å forske fram, finne svar på saker og ting.
- Me vaksne opptrer nysgjerrig, legg til rette for fantasi og kreativitet ved å spele med på borna sine premisser.
- Me nyttar observasjon som grunnlag til at alle barn kan få rike og varierte opplevingar. Det vere seg i leik, i samtaler, i regelleik og anna samhandling.



Barns medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. (Rammeplanen 2017)

- Me jobbar kontinuerlig med å gje barna reell medverknad over innhaldet i barnehagedagen. Dette skjer gjennom samtalar med barna, i samling, under maten, i grupper med enkeltbarn eller gjennom observasjon, vurdering og evaluering av opplegga i barnehagen. Personalet forpliktar seg på denne måten til å legge til rette for, og å undre seg saman med barna over dei områder barna viser interesse for å lære meir om.
- Borna oppmuntrast aktivt til å gje uttrykk for sine tankar og meiningar
- Me set fokus på individualitet og gjer enkeltbarn utfordringar og ansvar etter alder, personlegdom og nivå i utviklinga.
- Både kroppsleg og språkleg gjer barn uttrykk for korleis dei har det. Dei yngste barna formidlar sine synspunkt ved kroppsholdningar, mimikk og andre kjenslemessige uttrykk. Dei må oppmuntrast aktivt til å gje uttrykk for sine tankar og meiningar, og erkjennast for sine uttrykk.
- Me er av den oppfatning at der barn si sjølvkjensle vert krenka, ligg rota til omsynslausheit, mobbing og manglande empati.
- Me prøver å lytte og tolke borna sitt kroppsspråk, og være observante i forhold til deira handlingar, estetiske uttrykk og etter kvart også deira verbale språk. I form av til dømes barnemøter eller samtalar med borna diskuterer me og kjem fram til felles reglar og løysingar som kan fungere for både store og små på avdelinga.
- Å ta barns medverknad på alvor, forutset god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.



SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. (Rammeplanen)

Eit godt samarbeid mellom foreldre / føresette og personalet er ein viktig for barna og for miljøet i barnehagen.

Saman står ein sterkt!

Me gjev tilbod om 2 planlagde foreldresamtalar i året. Nye barn får tilbod om ein oppstartssamtale ei stund etter barnehagestart. Ved behov for fleire samtalar tek me dei etter kvart. Det vert også gjeve tilbod om overgangssamtale i samband med skulestart. På desse samtalan deltek foreldre, pedagogisk leiar frå barnehagen og kontaktlærar frå skulen.

Målet med desse samtalan er å gjera overgangen frå barnehage til skule så god som mogleg.

Brukarundersøking

Me ynskjer stadig å forbetre oss. For å vite kva me kan verte betre på er det godt å ha andre som kan vurdere arbeidet vårt. Til hjelp med vurderingsarbeidet i barnehagen har me brukarundersøkingar. Meir deltek i den nasjonale brukarundersøkinga for barnehage 2.kvart år i november.

Foreldrerådsmøte

Alle som er foreldre til barn i barnehagen er medlem av foreldrerådet.

På det første møtet om hausten vert det vald foreldrerådsleiar og nestleiar. Leiaren i foreldrerådet sit som medlem i samarbeidsutvalet for barnehage(SU). Samarbeidsutvalet består av representantar frå foreldre, eigar og tilsette i barnehagen.

Oppgåver til samarbeidsutvalet:

- vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.
- handsama saker som er viktige for innhaldet i barnehagen og samarbeidet med foreldra.
- fastsetje årsplanen til barnehagen.
- Andre viktige saker er til dømes forslag til budsjett eller driftsendringar.

Foreldrearrangement

I løpet av året har me ulike foreldrearrangement, desse kan ein lesa meir om i opplysningsheftet.

Samarbeidspartar

For å gjere borna kjende med det lokale næringslivet i Modalen samarbeider me med enkelte bedrifter i dalen.

Eit godt samarbeid mellom heim og barnehage er viktig på grunn av:

- Hjelp og støtta kvarandre
- Gje eit betre pedagogisk tilbod til borna
- Gje tips og råd til kvarandre
- Personalet får betre kjennskap til einiskild born og familie
- Utveksle viten og røynsler slik at me kan arbeida for at borna får dei beste vilkåra.

De utrolige årene = DUÅ

Barnehageåret 2008/2009 fullførte heile personalet ei kursrekke i DUÅ. Barnehagen skal aktivt nytta DUÅ som pedagogisk og metodisk verkemiddel i det daglege arbeidet. DUÅ er utarbeida av Carolyn Webster-Stratton; og programmet si målsetjing er å bygge sosial kompetanse for enkelt barn.

Måla i dette programmet er:

Å fremje barn sin sosiale kompetanse!

- Auke barna sin sosiale, emosjonelle og akademiske ferdigheiter.
- Førebu barna sine evner til å løyse problem og gje dei effektive strate for å meistre sinne.
- Auke barnet si positive samhandling og stimulere evna til å inngå venskap med jamnaldrande.
- Redusere borna sine negative tankar om andre og styrke dei empatiske evnene deira
- Redusere borna sin aggressive og opposisjonelle åtferd og vanskar knytt til dette.
- Auka kompetanse på positiv kommunikasjon som bruk av ros og positiv tilbakemelding til borna, samstundes vil ein redusere bruk av kritikk og unødvendige tilbakemeldingar/beskjedar.
- Forbetre barnehagetilsette si evne til å setje grenser, evne til problemløysing og sinnekontroll i høve til borna.
- Styrke barnehagetilsette sitt støttenettverk
- Auke barnehagetilsette sine positive samhandlingar med foreldre
- Fremje barnehagetilsette sin positive undervisning i høve til sosial- og emosjonell kompetanse i tillegg til akademisk kompetanse



Overgang

Når barnet begynner i barnehagen, tilvenning

- Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.

Overgangar i barnehagen.

- Personalet skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

Overgangen mellom barnehage og skule.

- Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.


(Rammeplanen 2017)

- Me har 3 dagars tilvenning ved barnehagestart, der foreldra er mykje tilstades for barnet. Me har gode rutinar for tilvenning i barnehagen som foreldra vert informert om i god tid før oppstart. -Tilvenning til ny avdeling: Under frileik om morgonen, vert borna godt kjende på dei ulike avdelingane. Ved overgang til annan avdeling får barna besøkje den nye avdelinga ofte i forkant.
- Førskule: Barnehagen har førskuleopplegg for 5-åringane. Førskulen startar opp i august og held fram 1 gong i veka fram til juni. Ein jobbar med å skape gode rutiner, auke kunnskap før skulestart. Førskulen besøkjer 1.Klasse og SFO ved Mo Skule 1 gong i månaden. Ein har fadderordning med 5 klasse. I mai gjennomfører ein førskuleveke. Førskulen reiser på bading i Bryggjeslottet. Foreldra får tilbod om overgangssamtale mellom barnehage og skule.

Fagområda til barnehagen

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. (Rammeplanen)

- Fagområda ein møter i barnehagen er dei same som ein møter seinare i utdanningsløpet .
- For å sikre at innhaldet i barnehagen dekkjer fagområda, har me valgt å arbeida etter Howard Gardners teori om mange intelligensar.
- Gardner påpeikar at barn nyttar alle de åtte intelligensane på en naturlig måte, noko som gjer dei dyktige til å læra.
- Å oppleve meistring, er eit viktig grunnlag for at barna skal få utvikla eit godt sjølvbilete. Godt sjølvbilete er grunnleggjande for all anna læring.
- Dei aller fleste lærer best gjennom fire ulike sansar/ læringskanalar. Den visuelle sansen- sjå, den auditive sansen- høyre, den kinestetiske sansen- bevege seg og den taktile sansen- ta og kjenne på.
- Me nyttar barna sine styrker til å utvikla alle intelligensane.



Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planleggingen skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planleggingen synleggjør korleis barnehagen fortolker og realiserer rammeplanen og skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

- Barnehagen har ulike planverktøy, som rammeplan, årsplan, progresjonsplan, temaplan, vekeplan, dagsplan og aktivitesplan. Desse planane skal evaluerast systematisk gjennom barnehageåret.
- Planlegginga må vere basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Den skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Årsplan

Barnehagen skal utarbeida ein årsplan. Årsplanen er et arbeidsredskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagens valg og begrunnelser.

Mål med ein årsplan:

- gje foreldre/føresette, eigar, samarbeidspartar og andre informasjon om korleis me i barnehagen arbeider.
- vera eit arbeidsreiskap for tilsette i Modalen barnehage.
- fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen.
- vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis.

Personalgruppa har vore med i planleggingsprosessen.

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i trå med barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. (Rammeplanen 2017).

- Mykje av det pedagogiske arbeidet i barnehagen vert beskrive i egne planleggingsskjema. Dette sikrar oss at me jobbar i høve til det som er lovpålagt og at det er progresjon i tilbodet.
- Etter gjennomført aktivitet, arrangement o.l vurderer ein om korleis det har gått og kva ein kunne gjort annleis.
- Årleg gjennomfører me kulturdugnad der ein ser på heile innhaldet i barnehagen. Der vurderer me kva me vil fortsetje med, kva me ynskjer å arbeide vidare med, kva me treng endre og kva me avsluttar/ikkje tek med vidare. (Sjå vedlagt plan for Vurdering/Evaluering)

| Område | Målsetting | Kvar vert det evaluert | Når | Ansvar |
|--------------------------------------|--|--|----------------------|----------------------------------|
| Opplysningshefte/ Årsplan | Sikra at barnehagens pedagogiske virksomhet er i samsvar med Lov og Rammeplan. Sikra progresjon i barnehagens innhald. Være eit arbeidsredskap. Gje brukarane og myndigheiter info. om barnehagens pedagogiske verksemd Synleggjera avdelingenes pedagogiske mål og metoder | Leiarmøte / SU Avd.møte / ½årsevalueringer Personalmøter og planleggjingsdagar | kvart år | Styrer og SU Ped.leiar/styrer |
| Innhaldet i årshjulet | Kulturdugnad | Personalmøte april/mai | Kvart år | Styrar |
| Pedagogiske opplegg | Sikra at ein arbeider i samsvar med Rammeplanen og at ein endrar på det som ikkje fungerer | Lesetid der kvar einskild som utfører pedagogiske opplegg evaluerer | Etter kvart | Alle |
| Ute leiken | Skape vennskap mellom barn/gi grovmotoriske utfordringer | Avd.møte, Personalmøter og planleggjingsdagar | 2 ganger i året | Ped.leiar |
| Lesetid assistentar | Faglig utvikling. | | mai/juni | Assistentar og ped. Leiarar |
| Avdelingsmøter | Ansvarleggjere personalet i forhold til arbeidet på avd. Samordne avd. verksemd pedagogisk og praktisk. Korttidsplanlegging og evaluering. | Avd. møte | des./juni | Ped.leiar |
| Rutineplan | Bevisstgjere barn og personale i høve regler og rutiner. Gje foreldrene info. | Ledermøte/avd.møte, Personalmøter og planleggjingsdagar | juni | Styrer, ped. leiar |
| Tradisjonar: | | | | |
| Lucia | Markere tradisjon i bhg, invitere pensjonistar.Gje barna bakgrunnshistorien | Avd.møte | Dir. etter feiring | Ped leiar |
| Jul | Markere tradisjoner og gi barna fellesopplevelser | Avd.møte | Dir.etter siste verk | Ped leiar |
| Solfest | Feire at sola er komen att | | (29 januar) 1 soldag | Ped leiar |
| Fastelaven | Mark.trad. Feiring overgang vinter-vår.Gje barna fellesopplevelser med glede og overraskelser. Gje borna bakgrunnshistorien | Avd.møte | Dir.etter feiring | Ped leiar |
| Progresjonsplan | Kvalitetsikre at rammeplanen vert overholdt | Ped.leiar møte/ Avd.møte | Årleg | Ped leiar/styrar |
| Påskefrukost | Markere tradisjoner i bhg. med barn, foreldre, personale | Avd.møte | Dir. etter feiring | Ped leiar |
| Sommarfest | Fellesopplevelse, mark. av bhg. årets slutt samt dei som skal på skulen | Leiarmøte/Avd.møte | Dir. etter feiring | Ped leiar |
| Område | Målsetting | Kvar vert det evaluert | Når | Ansvar |
| Beredskapsplanen | Sikra lik holdning og opptreden i krisesituasjoner gjennom instruks som best mulig ivartek rørte partar. Avklare ansvarsforhold ved kriser. Gje personlet kunnskap om prosesser hjå kriseramman. korleis møte desse. | SU | En gang i året | Leder SU / styrer |
| SU | Fremje samarbeid mel.eigar,foreldre og pers. i arb.miljøsaker. Sikre bhg.s kvalitet | SU | Siste møte vår | SU-leder/styrer |
| Personal-samarbeid | Skape eit trygt og positivt miljø som fremmer fagleg utvikling | Leiarmøte / ass.møte | Ein g. i året/vår | Styrer/ped.leiar |
| Personalmøter | Gje pers. felles fagleg inspirasjon og utvikling. Samordne bhg.verksemd. Bidra til samhold og fellesskap | Leiarmøte | En g. i året | Styrar |
| Planleggings-dager | Samarbeide i personalgruppa om planer og tema for bhg.s og den enkelte avd verksemd. Felles faglig inspirasjon og kompetanseheving | Leiarmøte / ass.møte | dir. etter | Styrar |
| Morgenmøte | Gje oversikt over den daglige driften. Org. av personalet ved sjukdom og fråvær. Fora for informasjon, beskjeder og samordning | Leiarmøte | juni | ped.leiar/styrar |
| Foreldre-samarbeid, Foreldresamtalar | Utvikle et positivt tillitsforhold som åpner for gjensidig info og nært samarbeid. Einast om ståstad og progresjon for enkeltbarn. | Avd.møte / foreldresamtake | årleg | ped.leiar |

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen. Vurderingar av trivselen og den allsidige utviklinga til barnegruppa og enkeltbarn skal dokumenterast når det er nødvendig for å gi eit tilrettelagt tilbod. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet. (Rammeplanen 2017).

- Me nyttar planleggingskjema der både MI (mange intelligens) og fagområda er grunnlaget for det me planlegg av innhald. Skjemaet beskriv kva me skal gjere, kvifor og eit eige felt til evaluering.
- Me nyttar MI perm der me dokumenterer for kvart born, utviklinga deira i alle dei 7 intelligensa. Me overfører denne dokumentasjonen vidare i foreldresamtalane me skriv. Samtalen er delt opp slik at me skriv litt om korleis bornet har utvikla seg i alle intelligensane.
- Me nyttar kommunikasjonsprogrammet VIGILO der me skriv rapportar frå innhaldet kvar dag, dokumenterer med både bilete og tekst som foreldra får tilsendt. I Vigilo går og praktisk kommunikasjon mellom foreldre-barnehage. Me sender ut temaplanar på Vigilo til foreldra.
- Me har eigne permar til kvart enkelt born som me oppdaterer med bilete og tekst frå kvar månad som føl dei gjennom heile barnehagen, og som dei får med seg når dei sluttar.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som trenger ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.

Barn under opplæringspliktig alder som har særlig behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Det er foreldra som søker. Om barnehagen meiner barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp, hentes det inn samtykke frå foreldra. Kommunen vurderer søknader og fattar enkeltvedtak om tildeling.

Kommunen skal sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen sin tilretteleggingsplikt gjeld tiltak som er naudsynte for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehageplassen. Plikta gjeld barn med nedsett funksjonsevne, er busatt i kommunen og har barnehageplass.

Fagområda

1. Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforska og utvikla språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformar. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformar og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst, og stimulera til språkleg nysgjerrighet bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidla tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnleg språk og skriftspråk. (Rammeplanen 2017).

Modalen barnehage har faste opplegg med språk i fokus:

- Språkleik, språk- og leikegrupper, dialogisk lesing, samling.
- Vårt pedagogiske arbeid er forankra i «Dei utrulege åra», ein metode som legg vekt på kommunikasjon med kvarandre og borna på ein respektfull og positiv måte.
- Me nyttar Norsk med tegnstøtte, noko som er til stor støtte spesielt hjå framandspråklege barn, born i startfasen av språkleg utvikling, eller andre som treng støtte språkleg.
- Eit av satsingsområda dette året er Barnehagemiljø og krenkelse, eit kompetansehevingsprogram utvikla av Utdanningsdirektoratet. Målsetjinga er å styrka barnehagen sitt daglege arbeid med førebygging av mobbing.

Gjennom arbeid med dette fagområdet skal barnehagen medverka til:

- -at barna utviklar eit rikt og variert talespråk som reiskap for eigne uttrykk, og som eit middel for å uttrykkja erfaringar, ynskje og eige kjensleliv.
- -Utviklar morsmålet som ein sentral komponent i personleg og kulturell identitet
- -Blir kjende med bøker, songar, bilete, media, tal, bokstavar, rim og reglar
- -Utviklar eit positivt tilhøve til tekst som kjelde til kunnskap og estetisk oppleving
- -Skapa eit språkstimulerande miljø tilpassa det enkelte barn sitt utviklingsnivå

Korleis me skal nå desse måla:

- -Samtala med og lytte til borna, nytte humor i ulike samanhengar
- -Kartleggje utviklinga til enkeltborna, observere i dagleglivet
- -Leika med lyd, rim og reglar
- -La borna møte symbol som bokstavar, former og siffer i daglege samanhengar
- -Høgtlesing, forteljing, leikeskriving, drama, musikk, leik.
- -Øve på å opptre for andre, snakke i grupper
- -Bevisstgjering av dei vaksne som rollemodellar - både i tale, kroppsspråk og handling
- -Skapa tid og rom for bruk av non-verbalt og verbalt språk i kvardagsaktivitetar, leik og i tilrettelagde aktivitetar
- -Oppmuntra barn med to - eller fleir -språkleg bakgrunn til å vera språkleg aktivitet, og hjelpa dei å byggja opp omgrepsforståing og ordforråd på norsk



2. Kropp, rørsle, mat og helse

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderas i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser. Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat- og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse. (Rammeplanen 2017).

Eit mål er å fokusere på kropp og helse for å gje borna positive røymsler og positivt sjølvbilete gjennom kroppsleg meistring:

- Kvar avdeling har turdag 1 gang i veka der borna får oppleve nærleik og glede i naturen.
- Grovmotorisk aktivitet på avdelingane, leik og styrte aktivitetar
- Uteleikeplassen vår, me har eit skogsområde innanfor gjerdet. Kort veg til ulendt terreng i eventyrskogen rett utanfor gjerdet.
- Finmotorisk borna teikner, perle, male, halde på med mange varierte formingsaktivitetar.
- I løpet av dagen får borna vere i aktivitet, kjenne at kroppen treng mat og at den treng ro.
- Me tilbyr borna eit variert og sunt kosthald.
- Gjennom leik lærer og borna sin og andre sin kropp å kjenne, samstundes som dei gjennom fysisk aktivitet får forståing og respekt for fysisk og psykisk ulikskap.

Gjennom arbeid med dette fagområdet skal me medverke til at borna skal:

- Vidareutvikle kropps kontroll, grunnleggjande grovmotorisk og finmotorisk dugleik, og får eit positivt sjølvbilete gjennom kroppsleg meistring
- Utviklar positive haldningar til aktiv bruk av sin eigen kropp gjennom varierte og allsidige opplevingar og utfordringar
- Får gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider
- Gjennom rike naturopplevingar utviklar respekt for alt som lever, for miljøet og naturen
- Får grunnleggjande kunnskap om korleis dei kan ta vare på sin eigen kropp og helse

Korleis skal me nå desse måla:

- Nyttja turområda i barnehagen sitt nærmiljø gjennom heile året
- Vektlegga rørsle, dans, musikk, leik, dans ,drama og tilrettelagde rørsleaktivitetar.
- Planlegging og tilrettelegging i miljøet for å inspirere til leik og fysiske utfordringar
- Innarbeiding av gode rutinar for hygiene og vektlegging av gode eit sunt kosthald
- Førebygging av skadar og ulykker
- Førstehjelpskurs for personalet
- Nyttja badebasseng, livredningskurs i basseng



3. Kunst, kultur og kreativitet

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforskning, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Fagområdet tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. (Rammeplanen 2017).

Gjennom arbeid med dette fagområdet skal me medverke til at barna:

- Utviklar skapande fantasi og kreativ tenking og handling
- Utviklar kommunikasjonsevne og varierte uttrykk gjennom skapande verksemd i språk, bilete, ord, song og musikk, rytme, dans og drama
- Utviklar kjensleevne, lytteevne og iakttakingsevna gjennom allsidige møte med kunst og kultur
- Utviklar og styrkjer kulturell identitet og personleg uttrykk opplever skaparglede

Korleis skal me nå desse måla:

- Leggje til rette for, stimulere og oppfordre til både spontane og planlagde aktivitetar innan estetiske fag, som dramaleik, dans, ulike sjangrar musikk, biletbuk og formingsaktivitetar. Opptre på foreldrearrangement.
- Utvikla forteljarkunst, høgtlesing av historiar og eventyr, eigenproduserte og ferdigproduserte. Lese bøker i ulike sjangrar, ha dialogisk lesegrupper.
- Ha rikeleg tilgang til instrument, formingsmateriell, litteratur.

4. Natur, miljø og teknikk

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrslse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar

- Modalen barnehage ligg flott til i skogkanten, barna får difor eit godt forhold til naturen og lærer seg å setje pris på naturen sitt mangfald gjennom uteleik og utedag.
- Barna får eit nært forhold til skogen i nærmiljøet, og ser endringane i vegetasjonen gjennom året.
- At me nyttar nærmiljøet gjer barna stolte over heimstaden sin og dei vert kjend med lokale soger om stadane. Me har nytta lokale stadsnamn på Helland til å namngje dei ulike avdelingane, noko som gjev barna lokal kunnskap.
- Me samlar gjerne inn naturmateriale som me nyttar i forming.
- Me legg vekt på at barna får svar på spørsmål og høve til å undra seg over mellom anna naturfenomen, livet, fødsel og død.
- Me lærer barna kvar maten kjem frå og dei får delta i tilbereding av mat. Om våren sår me frø og observerer utviklinga frå frø til plante.
- Barna får røynslse med teknikk i dagleglivet ved å byggje med putar, klossar, magnetar, clicks, trolleig, syarbeid, støyping, demning med meir.

Gjennom arbeid med dette fagområdet skal barnehagen medverka til at barna:

- får oppleve og undra seg over naturens mangfald.
- opplever glede ved å ferdast i naturen.
- får erfaringar og kunnskap om mennesket, dyr og vekstar, og samspelet i naturen.
- lærer å leggja merke til ting, eksperimentere, systematisere og samtale om fenomen i naturen.
- får erfare korleis teknikk kan brukast i leik og kvardagslivet.

Korleis skal me nå desse måla:

- ta utgangspunkt i barna si nysgjerrighet, interesser og føresetnader.
- lære om plantar, dyr, insekt, fisk, stjernehimlen og naturfenomen.
- tekniske/naturvitskaplege eksperiment tilpassa barn
- bevisstgjerjing av dei vaksne si rolle til å stimulera til barn si undring - og til å bruka sansane deira
- miljøvern, kjeldesortering, kompostering, samt bevisstgjerjing av barn og personale i høve til å ta vare på jorda vår
- bruke litteratur



5. Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levestil til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft (Rammeplanen 2017).

Korleis arbeidar me med dette:

- Gje borna innsyn i etikk og ulike religionar gjennom t.d: FORUT aksjonen. Opplegget synleggjer etiske og empatiske perspektiv på ulike menneskjer og kulturar.
- Me nyttar oss av pedagogiske program som t.d: Steg for steg som legg vekt på å fremje empati. For 1-3 åringane fokuserer me mest på ulike kjensler, å setje namn på desse. 3-6 åringane vert presentert problemstillingar og skal ved hjelp av sin kunnskap og samarbeid kome fram til gode løysingar.
- I høve til kristendomen vert fokuset ekstra stort i julehøgtida, Modalen barnehage har opparbeid eigne tradisjonar, mange med utgangspunkt i kristendomen.
- Me samarbeider me med soknerådskontoret, prest og kateket som formidlar kristne tradisjonar julebodskap og påskebodskap.
- Oppfordrar borna til å undre seg og filosofere over ulike emner. Borna er naturleg nyfikkne og denne evna må me ta vare på.

Gjennom arbeid med dette fagområdet skal barnehagen medverke til at borna:

- får innsikt i grunnverdiar i samfunnet tileignar seg dei grunnleggjande normene og verdiane i samfunnet
- utviklar interesse og respekt for menneske med ulik kulturell bakgrunn og religiøs bakgrunn
- bli kjende med dei kristne grunnverdiane og kva plass dei har i kulturen vår
- får kjennskap til tradisjonar knytt til høgtider i religionar og livssyn som er representerte i barnegruppa

Korleis skal me nå desse måla:

- samtala med borna
- undervisa om, og feire ulike høgtider
- være medvitne på vaksenrolla og kva påverknad den har for haldningar
- møte borna sine spørsmål med respekt og undra seg saman med dei
- skapa rom for undring, oppleving, refleksjon og gode samtalar
- bevisst bruka barnehagen sitt verdigrunnlag i ulike samanhengar i kvardagen, som td konflikt



6. Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnerer, argumentere og søkje løysingar.

Korleis arbeidar me med dette:

- bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen
- bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk
- gjere barna meir nysgjerrige og styrkje matematikkglede og interessa for matematiske samanhengar med utgangspunkt i uttrykksformene til barna
- leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølv skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barna
- Borna får vere med å lage mat i høve til kva dei meistarar ,her nyttar me ulike måleiningar og viser borna korleis tal har tyding for eit uttal av ting i kvardagen vår.

Gjennom arbeid med dette fagområdet skal barnehagen bidra til at borna:

- vert stimulerte til utforskarglede i forhold til matematikk
- lærer om ulike former, lengder, storleikar, mål og mønster
- lærer om tal og enkle matematiske omgrep

Korleis skal me nå desse måla:

- stimulera barna si matematikkutvikling ved å vere bevisst sin eigen språkbruk, samt leggja til rette for borna sin utforskartrøng og læreglede
- gje borna impulsar gjennom tilrettelagde aktivitetar i høve til form og mønster
- sørgja for at borna har tilgang til ulike typar spel, teknologi, klossar, leikar og formingsmaterieill
- tilby materieill som gjer borna erfaring med klassifisering, ordning, sortering, måling og samanlikning
- undring saman med borna i høve til kva so er likt/ulikt, storleik, kor mange.
- stimulera borna si evne til å bruka språket som reiskap for logisk tenking



7. Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane.

Fagområdet skal omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoritetar. Grupper med langvarig tilknytning til eit land er definerte som nasjonale minoritetar. I Noreg er kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, romar og romanifolk/taterar nasjonale minoritetar. (Rammeplanen 2017).

Bidra til at barnehagen viser i lokalsamfunnet gjennom t.d.:

- Bidra på Modalsdagane med underhaldning,
- Foreldrearrangement i barnehagen,
- besøk til Modalstunet og andre bedrifter i Modalen
- biletdokumentasjon i høve barnehagedagen.
- Me nyttar bygdebøker og anna litteratur om bygda vår for å formidle lokal –kunnskap.
- Bli kjend med lokale stadsnavn og nytte nærmiljøet rundt barnehagen til turar og ulike aktivitetar.

Gjennom arbeid med dette fagområdet skal barnehagen bidra til at borna:

- verta kjende med nærmiljøet
- verte kjende med sosiale og kulturelle skilnader i barnehagen og nærmiljøet,
- og får eit byrjande bilde av korleis samfunnet er oppbygd, og korleis det var før og no
- blir kjende med korleis ulike funksjonar og arbeidsplassar heng saman og er viktige i kvardagslivet
- får erfaringar med at alle menneske både store og små, er delar av fellesskapet og gjennom handling får yta sitt til
- får læra om samefolket og deira tradisjonar
- lærer demokratiske prinsipp og at alle er like mykje verd uavhengig av kjønn, alder, nasjonalitet og andre ulikskap

Korleis skal me nå desse måla:

- -Personalet må vere seg bevisst at dei, som rollemodellar, skal uttrykkja demokratiske prinsipp og likeverd
- arbeida for at borna får erfare at dei er verdifulle og viktige for fellesskapet
- arbeide for eit inkluderande miljø med nulltoleranse for mobbing
- sørgja for at barna får erfare at deira val og handlingar kan påverka situasjonen både for dei sjølv og for
- bruka nærmiljøet sine ressursar til gode opplevingar, aktivitet og høve til læring
- gje borna høve til meningsfylte møte ute i samfunnet,
- bruka litteratur og ulike media til å utvida borna si erfaring og læring
- gje borna ein byrjande kunnskap om innhaldet i barnekonvensjonen



Progresjonsplanar

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine. (Rammeplanen 2017).

Barnehagen har ansvar for å sikre progresjon i barnas utvikling, innafor 7 ulike fagområder. Oppleving av meistring er nært knytta til utviklinga av eit godt sjølvbilete, difor må me la alle barna få utfordringar tilpassa sitt ståsted. Me skal sjå og anerkjenna barna i meistringsøyeblikk. Progresjonsplanen inneheld konkrete tiltak knytta til arbeidet me skal gjera i barnehagen. Sjå progresjonsplanen som vedlegg til årsplanen.

Barn utviklar seg ulikt og i ulikt tempo. Det betyr at me vaksne må ha god kunnskap om det enkelte barn slik at me kan:

- gje barna utfordringar som gir dei noko å strekke seg etter
- stimulerer læringslysta og som ivaretek oppleving av meistring.
- Sikrar at borna får god utvikling og progresjon, vert heilskapeleg menneske.